



## NOREGS UNGDOMSLAG

### VESTLANDSKONTOR

J.nr. ....  
Telefon: 17 507

BERGEN den 4 des. 1942.  
Strandgt. 77

DB/RS

Til uskedal ungdomslag  
v/miner m. klebust  
usmedulen, kvinneherad  
nærjanger.

Me har teke mot lykkar skriv av 17. 11-42, vedlagt 2  
meldingsskjema, og segjer takk for dette.

Den utgreiing ve sender for laget, gjev oss eit greitt  
syn yver stoda, og me finn at der står mykje lakt til.

Ava grunn det skulle vera for dette, og som ellers går  
fram av lykkar skriv, er uskynleg for oss. Det er misstying som gjer  
ses gjeldande. misstru og ikkje anna.

Noen som er til skade for lykk, kan ve slett ikkje pei-  
na på, i den ordning som no er.

me legg ellers mykje av ansvaret, for at det står so ille til, på  
styret i laget. ve har vel ikkje bede lagslemene meldaseg ut, men  
me trur nok at de ikkje har stilt det nye i godt ljos for lagsle-  
mene, og ve har nok gjort greitt for lykkar eigi syn for deim,  
slik at dette har gjort sitt til stoda i dag.

me trur ikkje at styret i laget har halde fram for lags-  
lemene at dei ma naida irram, og peikt på kva store føremunér ein no  
har mot før, og soleis retta, sjera noko for å retta på det som er  
gale.

At ve kallar saman til møte, når ve føreåt veit at ingen  
møter. Det kallar ikkje me for bra arbeid, det er ingen ting verdt.  
Det tåner berre til å skada, som og truleg er meiningsi.

ve skriv nokso lett om kva det er for oss å sitja på  
eit kontor å kommandera lykk i arbeid.

Dette syner oss best kva skynsemd ve har av stoda i dag. Folk som  
eig se lite logikk, kan ein ikkje venta seg mykje av,

ve ajem lite i hug, at me har gjort det einaste som kunne  
gjerast for ungdomslaga. me har redda det som reddast kunne, og  
ve måtte vera oss mykje taksam for dette.

utan at me hadde fått til denne ordningi, hadde no alle  
ungdomslag vore kversett, all middel og eiga ellers hadde vore i  
andre hender, og alt ungdomsarbeid i so fri form som ein no i dag  
når sikra seg, ville vore øydelagt for alle tider.

I staden har me makta å redda alt for ungdomen. me har til og med  
fatt skapt grunnlaget for ein ungdomsorganisasjon som går i same  
lei som før, men mykje meir vidfemnande og sterkare enn før.

me har no makta og fenge til ein samskipnad som set ikke finst  
makten til i verdi, der ungdom med noko framtak, frilyndt kan



## NOREGS UNGDOMSLAG

### VESTLANDSKONTOR

J.nr. ....  
Telefon: 17507

BERGEN den 4 des. 1942.  
Strandgt. 77

UD/R-

Til Øskedalen ungdomslag, blad nr. 2.

fremja sine saker som aldri før.

De har ikkje mykje skyn for kva dette vil segja i dag. Det vitnar lykkar skriv om. Ein får gjerne lita takk for at ein har redda alt for ungdomen.

Lykkar lågjer eit godt døme på kor vyrslaust ungdom kan fara til, når han ikkje vert styrd i rett leid. Det er og svært lite ærefullt for lykk som sit i styret at slike noder. Lygdesoga vil nok i si tid vita å setja det skamstempel på slike arbeid, som der er verd.

Ava er det som er so ille? Tenkjer de yver kva dat XII som var mogeleg for oss å halda fast på: nei det trur me ikkje. De tenkjer og lite på den skade de er med og gjer neile det frilynde ungdomsarbeidet, med at de sviknar det røyner mest. Slike er ikkje normanns vis, og det ville hemna seg like om det fekk halda fram so.

De vinar at alt likevel ikkje er so ille som det ser ut. De vil i det lengste tru, at når de handlar so som gjort, so er det til tru om det er til det beste for lykk og laget. De vinar då tru på at dette er eit politisk arbeid, at dette skal vera ein politisk skule for ungdomen, at styresettet er gale, og at alt skal gjerast med tvang.

Dette er det som har gjort seg gjeldande dei ymse stadar men ikkje noko av dette er eller vert so.

Det einaste som måtte gjerast for å redde laget og det frilynde ungdomsarbeidet, var med lov å binda dei til å stå, til dei etter eigen yvertning finn at det var det einaste og beste som kunne henda, so framt ungdomen framleis skulle få arbeidsrom her i landet.

Arbeidet er det same som før, men meir vidfemnande, då det no grip inn i alt som er til framhjelp for ei bygd og ungdom der.

Allt som heiter politikk er bannlyst frå Noregs ungdomslag. Alle har same rett i lagsarbeidet, utan omsyn til politisk synsmate.

Ingen kan i laget eller lagsarbeidet fremja sine politiske synsmatar, anten i foredrag-skrift eller ordskifte. Dette gjeld likt for alle ogso de folk. Brot mot desse fyresegner er lovbrøt og vert handsama soleis.

I samanheng med dette må me streka under. Våre lover er no jamstelt statens lover. Brot mot deim vert handsama og straffa som statslovbrøt.

Herved er det fast i lovform, at Noregs ungdomslag er ein heilt



## NOREGS UNGDOMSLAG VESTLANDSKONTOR

J.nr. DB/AE  
Telefon: 17 507

BERGEN, den 4. 12. 1942  
Strandgt. 77

Uskedalen Ungdomslag, blad 4,

Me vonar De ser kor vettlaust De har stelt Dykk i laget, og at De gjer kva som står i Dykkar makt for å retta det som er gale. Med godvilje kan De etterreisa alt enno. Men "sutra" ikkje som ungar. Sjå til å få ungdeomen med på eit kvart som alle kan vera med på, og som er til det beste for bygda på ei eller onnvis.

Me må elles minna Dykk om at me ikkje har teke mot bladpengar for "Norsk Ungdom". Som De veit er alle lag pliktige å halda bladet, då det er heilt turvande for lag som skal arbeida. Helst burde dei einskilde lagslømer halda det og. Det kjem no ut i mykje auka storleik og ein gong om md. Det kostar no kr. 9.- pr. år, og er heilt upolitisk. Sender De no bladpengane for 1943, so få De siste nummer og jolenummeret for 1942 gratis. Me kan nemna at det er fritt høve til å skriva i bladet om ymse. Der vert soleis utetla store premiar til dei beste stykkje i bladet. De må ordna med dette snarast, då det elles går til inkasso. Det er lov at alle lag skal halda bladet, og formannen vert gjort ansvarleg om dette ikkje vert ordna med.

Elles kan laget straks taka til med ei god sak, og bør gjera det som døme på godvilje. Noregs Ungdomslag har gitt ut eit hefte i brosjyreform som inneheld soga at Filefjellkyrkja. Dette heftet skal no seljast yver heile landet. Det vert no ein skildlaga som kvar på sin stad må selja mest mogeleg av dette heftet.

Inntekta går til etterreisinga av Filefjellkyrkja, som Noregs Ungdomslag har stridt for å få etterreist i mange år, saman med andre interesserte.

No er me sikre å få dette gjennomført, men må gjennom ungdomslaga arbeida saman ein lut av dei pengar som går til dette arbeidet.

Kan laget elles skipa til utlodning eller anna som kunde gå til inntekt for Filefjellkyrkja, so var dette bra.

Me vonar De vil gjeva opp for oss kor stort tal hefter De kunde von om å selja med lagets hjelp, og De skulde so få tilsendt desse hefta. Utsalgsprisen er kr. 0.50 pr. stk. Utgifter ved dette vert å dekka av salget.

Me vonar laget vil gjera sitt beste for denne goda sak, og at me høyrer frå Dykk snarast.

Med lagshelsing

for Noregs Ungdomslag

Dagvald Bakke